

## SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

### MØTEINNKALLING

**Dato:** måndag 3. mai 2021  
**Tid:** kl. 17.00  
**Sted:** Møteportalen Zoom

**Forfall meldes til:** Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som SMS til mobil tlf. 959 86 979, eller på e-post: [post@kontrollutvalgene.no](mailto:post@kontrollutvalgene.no)

Grunna smittevernomsyn og tilrådingar frå sentralt hald vert det denne gangen også lagt opp til **digitalt** møte. Lenke vil bli sendt ut frå utvalsleiar. Ved dårleg breibanddekning heime kan medlem få rom på kommunehuset.

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no).

---

#### Saksliste:

- 7/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 15.02.21**
- 8/21 Orientering frå administrasjonen - personalleiar**
- 9/21 Forvaltningsrevisjonsrapport – Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)**
- 10/21 Uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2020 – Sveio kommune**
- 11/21 Uttale til rekneskap og årsmelding 2020 - Ryvarden Kulturfyr KF**
- 12/21 Forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2020**
- 13/21 Referat- og orienteringssaker 03.05.21**

#### Eventuelt

Sveio/Aksdal, 26.04.21

Ole-Ørjan Hov  
leiar (sign.)

Toril Hallsjø  
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)  
Revisor (møte- og talerett)  
Rådmann (invitert)  
Varamedlemmer (til orientering) og presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	03.05.21	7/21
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 15.02.21

### Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

*Protokoll frå møtet i Sveio kontrol- og kvalitetsutval 15.02.21 blir godkjent slik han ligg føre.*

**Vedlegg:** Protokoll frå møtet 15.02.21

### Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt digitale møte 15.02.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 26.04.21

Toril Hallsjø  
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	03.05.21	9/21
Kommunestyret	14.06.21	

  

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

## FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND (FOS)»

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

- 1. Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Forum for oppvekst i Sunnhordland» frå KPMG til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

**Vedlegg:** Rapport - forvaltningsrevisjon –«FOS», utarbeida av KPMG AS, mars 2021

### Samandrag

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Den har vore felles for kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å kartlegge kva rammer FOS opererer under og å kartlegge og vurdere erfaringane med og resultatata til FOS.

Forvaltningsrevisjonen har vore forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde. Det vert tilrådd at kontrollutvala ber kommunedirektør om tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten.

### Bakgrunn:

Kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio samarbeider om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Kontrollutvalet i Stord kommune bad i 2020 om opplysningar om FOS frå kommuneadministrasjonen i Stord kommune. På bakgrunn av informasjonen ønskte utvalet at det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon relatert til forumet, og inviterte alle samarbeidskommunane med på ein felles revisjon.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtok i møtet 04.05.20, sak 9/20 følgjande:

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil delta i felles forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS).*

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner ein andel på kr. 40 226 basert på kostnadsdeling blant 6 kommunar, der fastpris utgjer halvparten og innbyggartal halvparten av samla kostnader. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten.*

### **Føremål og problemstillingar**

Forvaltningsrevisjonen har hatt slikt føremål:

*✓ Rammene som FOS opererer under*

Det er viktig at samarbeidet i FOS blir regulert av klare rammer. Her vil ein sjå på kva rammer FOS opererer under, kva føringar deltakarkommunane legg for FOS si verksemd og i kva grad FOS etterlev rammer og føringar.

*✓ Kartlegge og vurdere erfaringane med og resultata til FOS*

Her vil ein rette blikket mot resultata til FOS omkring deira kjerneoppgåver knytt til kurs og kompetanseheving. Samstundes vil ein ha eit brukarperspektiv, og sjå på erfaringane som barnehagane, skulane og kommunalt tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane har med FOS, og kurs- og kompetansehevingstilbodet dei tilbyr. Her vil ein mellom anna sende ut eit spørjeskjema til barnehagane, skulane og kommunalt tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane for å kartleggje deira erfaringar med FOS.

Med bakgrunn i føremålet ble det formulert følgjande problemstillingar:

Problemstillingar:

*1. I kva rammer opererer FOS:*

- Korleis er FOS organisert ?*
- Kva mål og strategi har FOS ?*
- Kva slags budsjett og rekneskap har FOS ?*
- Korleis er den økonomiske situasjonen for FOS ?*
- Korleis rapporterer FOS til deltakarkommunane ?*
- Kva slags informasjon går frå FOS til kommunane ? - Kva vedtekter har FOS ?*
- Kva eigarskapsføringar og eigarskapsstrategi har deltakarkommunane for FOS ?*
- Kva kjørereglar er etablert knytt til bruk av kommunale midlar i FOS ?*
- Kva rammar og føringar er etablert for bruk av kommunale ressursar inn i FOS ?*
- Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019 ?*
- Korleis medverkar kommunale tilsette innan oppvekstområde i FOS ?*

2. Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS:

- Korleis opplev barnehagane og skulane at kurs- og kompetansetilbodet frå FOS fungerer?
- I kva grad opplev barnehagane og skulane å få det kurs og kompetansetilbodet som dei har behov for ?
- I kva grad blir mål og strategiar etterlevd?

Forvaltningsrevisjonen er å vere forbetningsorientert, og har også som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

### **Rapporten**

KPMG har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapporten har vore sendt til oppdragskommunane i mars 2021 til uttale. Rapporten skulle vore i haust, men KPMG varsla at arbeidet ville bli forsinka i haust pga sjukdom. Sveio kommune har ikkje kome eigen uttale.

KPMG oversendte rapporten til sekretariatet 26.03.21, inkludert høyringsuttale frå Bømlo og Fitjar kommune og dagleg leiar av FOS.

Revisor sine konklusjonar/tilrådingar er tatt inn i rapporten sitt samandrag, som ligg fremst. Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her vert føremål, problemstillingar, metode og revisjonskriteria presentert. Kapittel 2 er om FOS. Kapittel 3 er om rammene til FOS og kapittel 4 om resultat og erfaringar.

Tilrådingane går fram av kapittel 5. Uttalene er tatt inn i kapittel 6. I vedlegg 1 følgjer dokumentlist og vedlegg 2 om revisjonskriterier.

### **Tilrådinga**

I kapittel 5 vert det trekt konklusjon av arbeidet og det vert kome med tilrådingar.

Desse er følgjande:

- *deltakarkommunane bør sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune,*
- *deltakarkommunane bør vurdere korleis dei kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.*
- *deltakarkommunane bør vurdere om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt, internt i den einskilde kommune,*
- *deltakarkommunane bør tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.*

### **Vedtakskompetanse**

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

**Vurderingar**

KPMG har levert rapport om felles forvaltningsrevisjon gjeldande Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Den vart noko forseinka ift. framdriftsplanen, men revisjonsrapporten er no klar og ligg ved som vedlegg til saka.

Sekretariatet har gjort ei vurdering av at rapporten er av god kvalitet ihht. standardkrava til forvaltningsrevisjonsrapportar (RSK 001), og i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Rapporten sine problemstillingar er ihht. til utvalet si tinging og til vedtatt prosjektplan. Val av revisjonskriterier er relevante sett opp mot problemstillingane og revisor sine vurderingar og tilrådingar er basert på innsamla materiale, revisjonskriteria og dei metodiske avgrensingane. KPMG har nytta metodar som dokumentinnsamling og analyse, intervju og spørjeundersøking. Det er gjennomført intervju med 13 personar.

Av rapporten merkar sekretariatet seg bl.a. desse forholda, som også er omtalt i samandraget:

- Forvaltningsrevisor vurderar at FOS har ein opplevd nytteverdi for den einskilde kommune.
- FOS hadde ikkje ein skriftleg avtale som regulerte samarbeidet mellom kommunane, men det er no utarbeidd ein slik avtale. (Sveio kommunestyre vedtok den nye samarbeidsavtalen i møtet i desember, 07.12.20, sak 131/20).
- Det har vore drøfting om samarbeidsform mellom revisor og kommunane.

Forvaltningsrevisor er no av den oppfatning at kommunane har gjort ei grundig vurdering av dei juridiske rammene for samarbeidet, og at det er klargjort at samarbeidet slik det er organisert ikkje er omfatta av føresegna om interkommunalt samarbeid i kommunelova.

- Det er verdt å merka seg opplysningar om tillitsvalde sine merknader og revisor sine vurderingar i samband med det.

Revisjonsrapporten er sendt til dagleg leiar og eigarkommunane til uttale. Av eigarkommunane er det Fitjar kommune og Bømlo kommune som har vald å gje tilbakemelding til revisjonsrapporten. Tilbakemeldingane er integrert i rapporten.

Fråsegn frå dagleg leiar i FOS:

*«I rapporten går det fram at det under intervjuet med dagleg leiar i FOS, 2. september 2020, vart knytt usikkerheit til om FOS sitt system for tilsyn i barnehagar og gjennomføring av munnleg eksamen måtte inn under vertskommunesamarbeid. Det har sidan den tid vore avklara med KS som har vært tydelege på at FOS ikkje trengte eit vertskommunesamarbeid.*

*Vi er difor p.t. av den oppfatning at FOS ikkje er nøyde til å organisere tilsyn i barnehagar og gjennomføring av munnleg eksamen som vertskommunesamarbeid».*

Bømlo og Stord kontrollutval har allereie i april 2021 handsama rapporten og deira innstilling er følgjande til kommunestyret:

*Kommunestyret ber kommunedirektøren om:*

- 1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune.*
- 2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.*
- 3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.*
- 4. Sikre at ein tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.*
- 5. At kommunedirektøren kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 08.09.2021.*

Fitjar, Kvinneherad og Etne kontrollutval vil handsama rapporten i løpet av mai månad.

### **Konklusjon**

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til kommunelova § 23-2, e) der det står:

*«kontrollutvalget skal påse at e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandling av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»*

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag i rapporten.

På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ber rådmannen om å komme med ei tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten. Oppfølgingstida kan variere frå 6 til 12 månader.

For denne rapporten kan det vere føremålsteneleg å setje 6 månader etter vedtak i kommunestyret, slik at oppfølging av rapporten vert lagt fram for utvalet og kommunestyret på nyåret 2022.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval og revisjon § 4 slår fast at kontrollutvalet rapporterer direkte til kommunestyret om revisjonar og resultata.

Aksdal, 23.04.21

Toril Hallsjø (sign.)  
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	03.05.21	<b>10/21</b>
Formannskapet	31.05.21	
Kommunestyret	14.06.21	

  

<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arivsak:</b>
Toril Hallsjø	212	

## UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2020 – SVEIO KOMMUNE

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).*

*Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Sveio kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsberetningen for 2020.*

### Vedlegg:

1. Framlegg til **uttale** til årsrekneskap og årsmelding for 2020
2. Revisjonsmelding for 2020 frå Deloitte AS v/revisor Else Holst-Larsen
3. Revisjonsrapport 2020 – nummerert brev nr 5
4. Årsberetning/årsrapport 2020 (60 s.)
5. Årsrekneskap 2020

### Innleiing

Sekretariatet vil vise til vedlagte dokument. Heile rekneskapen med notar og årsrapport for 2020 ligg på kommunen sin nettside.

Forutan revisor, vil også rådmann og økonomisjef delta under handsaminga av saka.

### Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 14-3 tredje ledd gje uttale *om* årsrekneskapet og årsberetningen. Uttalen skal oversendast til kommunestyret med kopi til formannskapet. Uttalen må vere klar før formannskapet skal gje si innstilling til årsrekneskapet og årsberetningen.

Vidare står det også i forskrift om kontrollutval og revisjon § 3:

*«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».*



Rekneskapen må difor fyrst leggjast fram for kontrollutvalet før det vert handsama i formannskapet. Kontrollutvalet skal også sjå til at rekneskapsrevisor sine påpekingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp. Dersom påpekingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Frist for rekneskapsrevisor til å gje revisjonsmelding til kommunestyret er seinast 15. april i følgje § 24-8. Administrasjonen har frist med levering av årsrekneskapen seinast 22. februar og årsberetning innan 31. mars. Revisor sin frist er sett til 15. april.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemme kva uttalen skal innehalde. Lova eller forskrifta stiller ikkje konkrete krav til kva uttalen skal innehalde, utover at den skal knytte seg til forhold *i* årsrekneskapen eller årsberetningen og tilhøyrande revisjonsberetning.

Det følgjer imidlertid av lova at kontrollutvalet si uttale skal inngå i grunnlaget for kommunestyret si handsaming av og vedtak om årsrekneskap og årsberetning. Kontrollutvalet si uttaleplikt må ses i ljøs av dette, og uttalen skal såleis knytte seg til forhold *ved* årsrekneskapet eller årsberetningen.

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalet sin uttale vil dermed vere dei feil og manglar eller andre forhold som rekneskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til rekneskapsrevisjonen, jf. koml. § 24-5 til § 24-8.

Kontrollutvalet har eit ansvar for at det vert ført kontroll med økonomiforvaltninga. Dette kontrollansvaret gjeld økonomiforvaltninga generelt, og går *utover* kontrollen med sjølve rekneskapen og årsberetninga som regnskapsrevisor har ansvar for. Kontrollutvalet si plikt til å uttale seg om årsrekneskapene og årsberetningene inneber *ikkje* eit krav om at kontrollutvalet skal uttale seg om kommunens økonomiforvaltning generelt, utover det som gjeld forhold *ved* årsrekneskapet eller årsberetningen.

Det bør framkomme i uttalen om revisor har tatt atterhald eller har merknader i revisjonsberetningen eller har avgitt ein normalberetning. Det bør vurderast om dei formelle krava til årsberetning er følgt, jf. § 14-7 om kva ein årsberetning skal gjere greie for.

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å ivareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunens økonomi, og vil normalt omtale utviklinga i finansielle måltall i årsberetninga, jf. kommuneloven § 14-7 punkt a).

Kontrollutvalet kan velje å kommentere utviklinga av måltalla. Det same gjeld kommunens økonomiske situasjon som heilskap, men dette må basera seg på årsberetninga og må vere ei nøktern vurdering frå kontrollutvalet si side. Det er kommunestyret som har stått for alt låneopptak i ein kommune og kontrollutvalet skal ikkje kritisere slike disposisjonar.

Dersom frist for avgi årsrekneskapen eller årsberetningen ikkje vert følgt, bør dette vurderast tatt inn i kontrollutvalet si uttale.

Det er formannskapet som skal avgi innstilling når det gjeld årsrekneskap og årsberetning.

Kontrollutvalet kan til dømes ha følgjande avslutning i sin uttale:

*Kontrollutvalget er ikke kjent med andre forhold, fremkommet i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalgets uttalelse, jf. kommuneloven § 11-2. 5*

*Kontrollutvalget anbefaler at kommunestyret godkjenner årsregnskapet og årsberetningen.*

**Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale**

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Sveio kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2020 og notar, revisjonsmeldinga, revisjonsrapport og rådmannen sin årsrapport.

**Årsrekneskapen**

Rekneskapen for 2020 viser kr 355 969 14 til fordeling drift. Brutto driftsresultat (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) ble på 0,9 mill. kroner, 3,5 mill. kr høgare enn fyrst budsjettert.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på 9,8 mill. kr mot regulert budsjett på 2,8 mill.kr. Det utgjør 1,9 % av samla driftsinntekter.

Resultatet enda 6,9 mill. kroner høgare enn budsjettert. I 2020 mottok Sveio kommune 10,7 mill. kroner frå havbruksfondet, mot ei budsjettert inntekt på 2,0 mill. kroner. Meirinntektene frå Havbruksfondet forklarer at kommunen fekk betre resultat enn budsjettert. Utan desse inntektene ville kommunen fått eit underskot på 0,9 millionar kroner i 2020. Koronapandemien har òg påverka kommunerekneskapen. Både kostnadane og inntektene auka som følge av pandemien.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som et mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk berekningutval (TBU) og KS tilrår at denne storleiken over tid bør liggje på rundt 1,75 prosent for å ha ein sunn økonomi. I fjor var netto driftsresultatet på 1,6 % slik at resultatet no er betre i år og ligg litt øve det tilrådde frå TBU.

Pr 31.12.2020 har Sveio kommune ei langsiktig gjeld, utanom pensjonsforpliktingane, på 503,7 millionar kroner. Startlån utgjør om lag 22,6 millionar kroner av gjelda. I tillegg har kommunen netto pensjonsforpliktingar på 58,1 millionar kroner. Totalt sett utgjør Sveio kommune si langsiktige gjeld, eksklusiv pensjonsforpliktingar 96,5 % av kommunens brutto driftsinntekter. Sveio kommune har hatt ein sterk vekst i både gjeld og eigendelar frå 2011, men eigenkapitalen har hatt ein endå sterkare vekst i perioden.

**Landet generelt**

Kostra-tala frå SSB viser eit samla netto driftsresultat i snitt på 2,4 % i 2020. Det er ei auke frå 2019. [Teknisk beregningsutvalg \(TBU\)](#), kor Kommunaldepartementet og KS er representert, har definert netto driftsresultat som det viktigste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi. Både Kostra-tall og rekneskapsundersøking til KS visar at spredninga i netto driftsresultat er stor.

59 avslutta koranaåret 2020 med eit negativt netto driftsresultat, i følgje SSB. I fjor var det 179 kommunar, så ein klår forbetring. Samstundes ligg 200 av kommunane øve det tilrådde nivået på 1,75 % for solid drift.

Driftsresultata blant kommunane på Haugalandet ligg frå 0,9 (Bokn) til 9,1 % (Utsira) med dei fleste mellom 4-6 %. Årets resultat på 1,9 % for Sveio kommune er då lågt sett i lys av dei andre kommunane.

**Investeringsrekneskapen**

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2020 er på 63,6 mill. kr. Det var planlagt å investera for 191,4 millionar kroner. Avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast i all hovudsak tidsforskyving av investeringar. Forseinka investering i nytt badeanlegg og to brannstasjonar gjer særskilt store utslag. Dei største investeringane i 2020 var knytt til Sveio skule, flytting av driving range, pumpestasjon Vikse – Rophus og bustadfelt Sveiåsen 3. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

**Notar**

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen.

Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er dei same som tidligare år.

**Årsmelding/årsrapport**

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding/-rapport som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Den skal gjere greie for følgjande:

- a) *forhold som er viktige for å bedømme **den økonomiske utviklingen** og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid,*
- b) *vesentlige beløpsmessige **avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet**, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene,*
- c) *virksomhetens **måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne,***
- d) *tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å **sikre en høy etisk standard,***
- e) *den faktiske tilstanden når det gjelder **kjønnslikestilling,***
- f) *hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle **arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.***

Årsrapporten gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har rådmannen kome med følgjande kommentar om økonomien:

*«Netto driftsresultat enda på 9,8 millionar kroner. Dette er 1,9 % av brutto driftsinntekter. Det var eit betydeleg meirforbruk i tenestene, dette har motsvara seg i høgare inntekter – og då spesielt frå havbruksfondet - enn på budsjetteringstidspunktet.»*

Revisor har i revisjonsmeldinga bekrefta at at meldinga inneheld dei opplysningar som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi stemmer overens med årsrekneskapen.

**Generelt om innhaldet i ei revisormelding**

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I revisjonsrapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han/ho finner grunnlag for å kommentere desse. Rådmannen skal då ha høve til å gje sin uttale.

**Revisor si revisjonsmelding**

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding, dagsett 15. april 2021. Revisor har avlagt så kalla rein melding eller standardberetning, dvs. utan etterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at:

*Etter vår meining er kommunekassa sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.*

*Den konsoliderte årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sveio kommune som økonomisk eining per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.*

.....

Revisor har, i tillegg til meldinga, også kome med ei revisjonsrapport (brev nr 5). Ved interimrevisjonen har dei kartlagt og testa nokre interne kontrollar, vidare utført kontrollar av vesentlege inntekt- og kostnadspostar. Revisjon av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12. Revisor har heller ikkje i år kome med noko som kommunen bør sjå nærare på.

I revisjonsrapporten skriv revisor mellom anna:

*“Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredstillande rutinar, og det er ikkje avdekkja vesentlege feil og manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om».*

I møtet vil revisor gje ei munnleg orientering i møtet om innhaldet om revisjonen gjennom året og av årsoppgjeret.

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av kommunelova § 24-7. Kontrollutvalet skal vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i revisjonsrapporten eller noko anna revisjonen tar opp i møtet.

Sekretariatet meiner ut frå det tilsendte ikkje at det er naudsynt å be om nokon tilbakemelding.

Rådmann og økonomisjef vil i kontrollutvalsmøtet gje ei nærmare gjennomgang om kva som ligg bak årets resultat.

**Kontrollutvalet sin uttale**

KMD (kommunal og moderniseringsdepartementet) har på nyåret 2021 laga eit høyringsutkast og ein rettleier i forhold til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsberetning. Det som er vesentleg endra frå regnskapsåret 2020, er at uttalen frå kontrollutvalet også gjeld årsberetningen, dvs for Sveio årsrapporten.

Med bakgrunn i dette held sekretariatet seg til dei dokumenta som kommunen har oversendt, og dessutan revisjonsrapport og revisjonsberetning frå revisor.

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen og årsberetning som vedlegg 1.

Kontroll- og kvalitetsutvalet må elles vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil spesielt kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

Aksdal, 26.04.21

Toril Hallsjø (sign.)  
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

## Til kommunestyret i Sveio

### Uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 – Sveio kommune

#### Innleiing

Kontroll- og kvalitetsutvalet har i møte 03.05.21, sak 7/21 handsama årsrekneskap og årsrapport for 2020 for Sveio kommune, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 15.04.21. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

#### Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsrapport nr 5 dagsett 14.04.21, revisjonsmelding dagsett 15.04.21 og rådmannen sin årsrapport 2020. I tillegg har revisor, rådmann og økonomisjef supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen og årsrapport i utvalet.

#### Kontrollutvalet sin uttale:

Sveio kommune har i 2020 eit **positivt netto driftsresultat med 9,8 mill. kr**, som utgjer **1,9 %** av driftsinntektene. Det er eit betre resultat enn i fjor, som var på 1,6 %, og resultatet i år er litt øve teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2020, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsrapporten for 2020 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2020 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.20.

Kontroll- og kvalitetsutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er komme fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2. 5

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om revisjonsarbeidet og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Sveio kommune for 2020.

**Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner Sveio kommune sitt årsrekneskap og årsmelding for 2020.**

Sveio, 03.05.21

Ole Ørjan Hov  
Leiar av kontroll- og kvalitetsutvalet

Kopi: Formannskapet

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	03.05.21	11/21
Formannskapet	21.06.21	
Kommunestyret	14.06.21	

  

<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø	212	

## RYVARDEN KULTURFYR KF - REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2020

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt rekneskap for 2020, slik den ligg føre.*

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr FK sitt årsrekneskap og årsmelding for 2020.*

### Vedlegg:

1. Framlegg til uttale
2. Revisjonsmelding frå Deloitte as v/ Holst-Larsen 15.04.21
3. Rekneskap 2020 (økonomisk oversyn, driftsrekneskap og balanserekneskap)
4. Årsrapport 2020

### Saksorientering:

I forskrift om kontrollutval og revisjon § 3 står det følgjande:

*«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».*

Når kontrollutvalet har fått framlagt revisjonsmeldinga frå revisor, skal utvalet avgi uttale om årsrekneskapen før han blir vedtatt av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret med kopi til formannskapet. Kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan takast omsyn til han før dette organet gir si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

### Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avlagde årsrekneskapen, styret si årsmelding, revisjonsmeldinga, dagsett 15.04.21

Rekneskap er lagt fram av Sveio kommune v/rådmannen. Årsrapporten er sendt styret i Ryvarden Kulturfyr KF til godkjenning. Rekneskapen viser eit **negativt netto driftsresultat på kr – 91.482,99**. Næmare om drifta og økonomi går fram i årsrapport.

Frå rapporten vert følgjande tatt inn frå styret og dagleg leiar si konklusjon:

*Drifta er sårbar, da Ryvarden i stor grad har ei sesongbetont drift, som i 2020 vart svært begrensa I tillegg har Ryvarden låg fast bemanning sett i forhold til arbeidsoppgåver og forventningar, og med svake økonomiske musklar er ei utfordring å auke konkurransekrafta i høve til andre tilbydarar i marknaden. Dette gir utfordringar knytt til å oppnå eit positivt driftsresultat. Dette året har likevel gitt oss erfaring som positivt kan dras nyyye av i vidare arbeid.*

*Ryvarden Kulturfyr KF har i 2020 hatt 9 personar som er fast tilsett. 1 person i 20% , 1 person i 10% og 6 personar i 4 % stilling. I tillegg 1 person i engasjement.*

*Potensialet på Ryvarden er stort, men for ein stor del ubrukt. Ryvarden har pr. i dag for liten overnattingskapasitet sett i forhold til utleige til næringslivet.*

*Ryvarden er eit mykje brukt utfartsmål for turgåarar. Ryvarden har svært stort besøk av barnefamiliar på opne kafedagar. Ei målgruppe som er verdt å satse vidare på, og utvikle med ulike aktivitetar.*

### **Innhaldet i revisor si melding**

Atterhald blir brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering blir brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I revisjonsrapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han/ho finn grunnlag for å kommentere det/de. Leiinga skal då ha hatt høve til å gje sin uttale.

I revisjonsmeldinga er det ikkje tatt inn atterhald eller presiseringar. Det er heller ikkje levert nokon revisjonsrapport.

Revisor konkluderar med at:

*Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Ryvarden Kulturfyr KF per 31. desember 2020 og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Norge.*

### **Kontrollutvalet sin uttale**

Departementet har i år laga ein rettleier til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap. Det som er vesentleg endra frå regnskapsåret 2020, er at uttalen frå kontrollutvalet også skal gjelde årsmeldinga. Med bakgrunn i dette held sekretariatet seg til dei dokumenta (årsrekneskap og årsmelding) som kommunen/styret har oversendt, og dessutan revisjonsrapport og revisjonsberetning frå revisor.

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen og årsmelding (vedlegg 1).

Aksdal, 26.04.21

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



## Til kommunestyret i Sveio

### Uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 - Ryvarden Kulturfyr KF

#### Innleiing

Kontroll- og kvalitetsutvalet har i møte 03.05.21, sak 11/21 handsama årsrekneskapen og årsrapport for 2020 for Ryvarden Kulturfyr FK, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 15.04.21.

Rekneskapen består av økonomisk oversyn drift og investering, balanse pr. 31.12.20 og noteopplysningar.

#### Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmelding og styret sin årsrapport 2020. I tillegg har revisor og økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon under handsaminga av rekneskapen i utvalet.

#### Kontrollutvalet sin uttale:

Ryvarden Kulturfyr FK har i 2020 eit **negativt netto driftsresultat med kr - 91.482**. Det er eit dårlegare resultat enn i fjor, kor driftsresultatet var på kr – 8.997 og det rekneskapsmessige meirforbruket på kr – 42.797. Årets resultat må sjåast i ljøs av fjorårets koronapandemi.

Føretaket har eit uinndekka lån hos Sveio kommune på kr 138.486.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2020, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsrapporten for 2020 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket si verksemd for 2020 og for føretaket si økonomiske stoda pr. 31.12.20.

Utvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2. Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontroll- og kvalitetsutvalet, samt revisors orientering om revisjonsmeldinga, har ikkje utvalet andre merknader til årsrekneskapen til Ryvarden Kulturfyr for 2020.

**Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr FK sitt årsrekneskap og årsrapport for 2020.**

Sveio, 03.05.21

Ole Ørjan Hov  
Leiar av kontroll- og kvalitetsutvalet

Kopi: Formannskapet

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	03.05.21	12/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

## FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2020 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVALTNINGA

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Deloitte As om økonomiforvaltninga for 2020 og revisor si gjennomgang til orientering.*

**Vedlegg:** Revisor si attestasjonsuttale om økonomiforvaltninga Sveio kommune 2020

### Bakgrunn

I følgje kommunelova § 23-2 skal kontrollutvalet bl.a. påse «...at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak...».

Revisor er difor pålagt i den nye kommunelova § 24-9 kvart år å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet **seinast 30. juni** knytt til dette. Dette blir omtalt som ei ny oppgåve for revisor, kalla «forenkla etterlevelingskontroll».

Lovforarbeida visar til intensjonen at revisor innanfor ei avgrensa ressursramme kan bidra til å førebygge svakheiter og sikre at kommunen følgjer sentrale bestemmelser og vedtak på økonomiområdet. Dette vil byggje opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis og kan også gje kontrollutvalet eit betre grunnlag til å tinge forvaltningsrevisjon og andre undersøkingar.

Det er sagt at revisor skal ha ei brei tilnærming, men likevel at kontrollen skal gjerast innanfor ei avgrensa ressursramme. Dette vil mellom anna krevje ei god risiko- og vesentlegsvurdering hos revisor. Eksemplar på områder/tema for mulig forenkla etterlevingskontroll er innan:

- Sjølvkost
- Offentlege anskaffingar
- Offentleg støtte
- Etterleving GDPR
- Driftstilskot til private barnehagar
- Tilskot/overføringar til private
- Kontraktsoppfølging.

**Uttale for 2020**

Deloitte AS har gjeve si uttale, dagsett 14.04.21, for Sveio kommune om perioden 01.01-31.12.20. Attestasjonsuttalen følger vedlagt.

Revisjonen har denne gang gjort ei nærare gjennomgang av Sveio kommune sine rutiner og oppfølging av prosjektrekneskap:

1. *Har kommunen tilfredstillende rutiner for prosjektstyring?*
2. *Blir det ført prosjektrekneskap?*
3. *Hvordan er oppfølgingen når investeringsprosjekter har vesentlige overskridelser?*

Revisor konkluderer med:

*«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Sveio kommune i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i regelverket.*

*Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltningen og til Sveio kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.»*

Revisor vil i tillegg gje ei munnleg orientering til utvalet.

**Konklusjon:**

Dersom det ikkje kommer fram noko spesielt i møtet, vil sekretariatet tilrå at kontroll- og kvalitetsutvalet tar informasjonen frå Deloitte til orientering.

Aksdal, 26.04.21

Toril Hallsjø  
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	03.05.21	13/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

## REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 03.05.21

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 9 – 22 til orientering.*

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval visar til nestleiar si henvending om rådmannen si sakshandsaming i KST-sak 22/21. På bakgrunn av rådmannen si orientering i møtet finn utvalet det ikkje aktuelt å be om meir dokumentasjon eller gå vidare med saka.*

### Vedlegg:

9. Statusoversyn pr. april 2021
10. Løypemelding 26.04.21 frå Deloitte om arbeidet med forvaltningsrevisjon
11. KST-vedtak 22.02.21, sak 9/21 – Kontroll- og kvalitetsutvalet – Årsmelding 2020
12. E-post 06.04.21 frå nestleiar om handsaminga av sak om Skulebruksplanen
13. KST-vedtak 12.04.21, sak 22/21 – Skulebruksplanen for Sveio kommune 2021-2027
14. Pol.sak til 17 kommuner - Opptak av kommuner som nye deltakere i Rogaland Rev. IKS
15. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland Vekst IKS
16. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte 27.04.21 – IKA Rogaland IKS
18. Generalforsamling 30.04.21 – Haugaland Kraft AS
19. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland Brann og redning IKS - protokoll
20. KMD mars 2021 -Veileder til kontrollutvals- og revisjonsforskriften
21. NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2021 - digital 21.- 22.04.21
22. Invitasjon til digital FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021 (frist 18. mai)

### Saksorientering

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontroll- og kvalitetsutvalet til orientering.

### Om henvendingar generelt

Sekretariatet vil her på generelt grunnlag vise til korleis henvendingar kan handterast av kontrollutvalet. Sekretariatet har registrert gjennom sine 16-17 driftsår for 10 kontrollutval at det er auke i tal henvendingar. Same inntrykket blir formidla frå andre kollegaer i andre sekretariat.

Kvar henvending som kjem er unik. Det er såleis ikkje nokon fasit på korleis henvendingar skal handsamast. Men sekretariatet har her utarbeidd ein skisse for eventuell rekkefølge som kan nyttast ved henvendingar generelt sett:

1. **Kontrollutvalet må bli gjort kjent med henvendinga** gjennom at sak blir tatt med på lista/vedlegg under referat- og orinteringssakene til neste møte. Innsender får brev om førebels svar om neste møte og kva mandat og oppgåver som ligg til kontrollutvalet.

Dersom det varsla forholdet td. er til ankehandsaming hjå kommunen eller statsforvaltaren, så ventar kontrollutvalet normalt med å sjå nærare på saka. Det same gjeld om det varsla forholdet er til handsaming i rettsapparatet.

2. **Kontrollutvalet drøftar så vegen vidare i møtet.** Nokre alternative utfall kan vera desse:

- Kontrollutvalet meiner alt no at dette ikkje er ei sak for utvalet, og grunnjev dette.
- Utvalet treng meir informasjon for å kunna realitetshandsama henvendinga og utvalet kan be rådmannen om å gje informasjon på neste møte.
- Utvalet kan be sekretariatet om å skaffa fleire relevante dokument.
- Utvalet kan be om innspel frå andre.

Utvalet har indikasjon på – ut frå henvendinga og evt. kunnskap i utvalet, sekretariatet og/eller revisjonen – at dette er eit saksområde som ein bør sjå nærare på. Utvalet ser først og fremst på kommunen sine system og rutinar generelt sett og mindre på einskiltsaker.

Då kan td. dette skje:

Dersom det er nært føreståande å laga ny plan for forvaltningsrevisjon eller å evaluera denne, kan ein få ei prioritering av saksfeltet det er henvending om, opp mot andre saksfelt.

Dersom det snart skal bestillast ny forvaltningsrevisjon, kan ein vurdere om saksfeltet kan inkludrast i føremål og/eller problemstillingar for denne.

Kontrollutvalet bestiller ein ny forvaltningsrevisjon med basis i saksfeltet henvendinga omhandlar.

Kontrollutvalet har indikasjon på at henvendinga er så spesiell at utvalet vil sjå nærare på saka - det spesifikke innhaldet som henvendinga omtalar. Då er det vanleg å be revisjonen om å laga ein prosjektplan som fortel kva arbeid som skal gjerast og kva ressursar som skal brukast. Endeleg bestilling frå kontrollutvalet vil vera på basis av denne prosjektplanen.

**3. Kontrollutvalet drøftar event. vegen vidare i møte nr. 2.**

Nokre alternative utfall:

- Utvalet kjenner seg i stand til å konkludera på om dei vil ta saka eller ikkje.
- Utvalet meiner framleis at dei treng meire informasjon, og vil be om det fram mot / i komande møte.
- Utvalet handsamar prosjektplan frå revisjonen, dersom det er bede om, og bestiller ein revisjon på saksfeltet eller om den konkrete saka.

Som oppsettet viser, kan det gå fleire møter før kontrollutvalet er i stand til å realitetshandsama ei henvending, gjerne etter å ha skaffa meire informasjon eller saka er klår med det same.

Kontrollutvalet er og styrt av dei økonomiske rammene som er tildelt. Slik sett kan det og vere at utvalet må prioritere ned saka/saksfeltet som er omtala i henvendinga av økonomiske årsaker, sjølv om saka/saksfeltet isolert sett ville vore interessant å sjå nærare på.

Til pkt 12

Henvendinga frå nestleiar er lagt ved. Kommunestyrevedtaket i Skulebruksplan for Sveio kommune 2021-2027 er også lagt ved under pkt 13. Rådmannen gjev ei orientering i møtet. Kontroll- og kvalitetsutvalet må etter det vurdere kva tilnærming utvalet vil ha vidare. Generell skisse om henvendingar vil då kunne kome til nytte. Sekretariatet innstiller på at saka blir klårgjort i møtet.

Aksdal, 26.04.21

Toril Hallsjø (sign.)  
*Utvalssekretær*



## Sveio kontroll- og kvalitetsutval–Statusoversikt april 2021

### Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Tema	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Prosjekt «Tilpassa opplæring og spesialundervisning»	15.02.21, sak 3/21	300 t.	Under arbeid	Utgangen av juni 2021	Deloitte AS
Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)	04.05.20, sak 9/20	Ca. 40 t.	Rapport klar	Våren 2021	Fellesprosjekt, KPMG AS
Orientering - personalleiar	14.02.20, sak 2/20				
Orientering – rektor Sveio b/u skule	14.02.20, sak 2/20				

### Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i utvalet

Forvaltningsrevisjon/ eigarskapskontroll	Bestilt	Hand-saming i KU	Hand-saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Prosjekt «Tilpassa opplæring og spesialundervisning»	15.02.21, sak 3/21	Hausten 2021	Hausten 2021	2022	
Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)	04.05.20, sak	03.05.21, sak 9/21	14.06.21, sak		

### Avslutta prosjekt/orienteringar

Tema	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp av KST	Merknader
Orientering HTV HVO	14.02.20 sak 2/20	15.02.21, sak			
Orientering kommunal-sjef teknisk	14.02.20 sak 2/20	16.11.20 sak			
Komm.sjef helse omsorg	14.02.20 sak 2/20	14.09.20 sak			
Komm. sjef skule bhg kr	14.02.20 sak 2/20	22.06.20 sak			
Rapport «Barneverntenesta»	22.01.19, sak 3/19	24.09.19, sak 19/19	11.11.19, sak 61/19	07.12.20, sak 135/20	Deloitte As
Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 med analyse	25.11.19, sak 28/19	14.09.20, sak 22/20	07.12.20, sak 114/20	Ny plan i 2024	Deloitte As
Plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024	25.11.19, sak 28/19	14.09.20, sak 23/20	07.12.20, sak 113/20	Ny plan i 2024	Deloitte As